Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Bö

Emne: Död og begravelse | Bygdelag: Ytre Bö

Oppskr. av: Sveinung H. Lia | Gard: Lia

(adresse): Bö St. Telemark | G.nr. 49 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
etter bestefar f. 1831 - d. 1902 - og far f. 1859 - d. 1945 - Gårdbr. i Bö

SVAR

Döds varsler.

Det som i mange tilfeller varsla död var når folk såg ei kattunge på låvetaket, når det braun i ein brisk; det var enkelte, helst gamle kvinner hadde den evne. Har hört ei gamal kjerring fortelle at det var helst gamle kvinner hadde den evne å sjå det braun i ein brisk. Ei gamal kvinne fortalte at når ho såg det låg 2 pinnar i kross i tunet varsla det död i familien eller grannelaget. Når katten på ein gård döde ut varsla det an död på garden.

Når eit menneske fekk voldsamt travelt, var han feig ~~då~~ sa dei gamle og i mange tilfeller sto dette til.

Deva skrik var an varsel om död.

Att dödssjuke fekk lus få dagar för dei döde har eg hört skulle vera slike som var dranker.

Moldgråe er sjeldan bruka her i Bö, det brukas i övre Telemark.

13236

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Dødsleiet.

7-8 Har ikkje høyrt noko serskildt om dette. For å lette dødskampen måtte den som stelte den døende tørke andlete ofte. Før 1905 var det ikkje almindelig å sende bud etter presten for alminnelige folk, men dei på Storgardane henta som rigel presten. Etter 1905 fekk me ein prest som reiste rundt til dei sjuke og las for dei or skriftene. Var det noko den døende hadde på hjerte var presten helst aleine med han (ho). Når den døende skulle ha nadverd var dei nermaste tilstede. Det hende at den døende i eldre tid ikkje ville ha kransar. I seinare tid er det mykje alminnelig att dei ikkje vil ha kransar.

## Tiden mellem dødsfallet og begravelsen.

Når eit menneske var død, sa man, "Han æ faren" eller "han æ sloknå". "Var det ein lång og hard sjukdom, sa man - "Han æ gudskelov sloppen".
Desse uttrykka bruka mann om alm. fra menneske, men var det ein som i levande live hadde vore serleg grisk - samla mykje jordegods - fått til seg mange gardar, både "på ærleg og uærleg måte - sa e folk - "Han har snud nåsen"

13236

i været, nå får han jord nok, nå får full kjeften". Dette sae særleg dei som hadde beitt forarget av den avdøde.

Når "den døende hadde hat Sprengria" og legemet blei kalt var det eit sikkert dødstegn.

Skindøde har eg ikkje høyrt noken har snakka om. Ein 2-3 timar etter døden blei liket vaska å stelt. Menn blei barbera og håret greid. Kvinnor fikk håret kjemt og vippa o. s. v. sett i hårband som fulgte med i grava. Dette var alminnelig til fyrste verdenskrig. Liket blei so båret på låven eller byggerhus. Så var det å få halmen or sengja og bere den bort på jordet, her samlast dei nermaste for å stå kring bålet. Dette var umtil 1905 svært høytidelig, då søg naboane at han eller hø hadde slokna. Det var nokke om å gjera att røyken steig rett ~~opp~~ til himmels for da var det tegn på att den døde kom inn i himlen. Eg mins at dei gamle mulla - å ja, det var eit godt minnetegn som ae fare nå men kom det ein kastevind og bedde røyken ~~røyken~~ ut over bakkin, da var dei som sto omkring svært alvorlege - det var eit vondt tegn.

Når halmen var brendt, var det å sende bud til snekkerin og han kom som regel straks for å ta

13236

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mål av liket. Han var svært høytidelig og skulle inn og ha mat, og der blei nærmast halde ei minnestund om den avdøde. Så var det å gå på låven å ta mål. Snekkeren måtte få ei lang stong, og med den målde han lengda på liket. Når han kom ut på tunet, tok han høytideleg opp ein tommestokk og notisbok, og målde stonga til det merk på stonga der viste likets lengde. Her i ytre Bø måtte ein i gamle dagar beda likkiste snekkeren til begravelsen saman med kona.

Likvatn som medisin har eg ikkje høyrt noko om.

## Likklær.

Svøp - Sveipe. Liklaken. Litt lenger et alm. laken. Nr. 40-41 ukjendt. 42 Det var etter som man hadde råd til. Liksjorte var det almindelige. 43. Ukjendt. 44 7. gamal tid brukter lin. 45. 7 dei fleste tilfeller bruka dei strømper. 45 nei 46. Strømper. 47. Dei eg har sett var med bast mie. 48 Nei. 49 nei. 50. På storgardane blei boander bruka 51. Under fyrste verdenskrig. 52 Ferdige likklær av papir. Desse ligg i kista frå fabrikken. 53 Ja. 54 Nei 55 — 56 nei 57 ukjendt. 58 Eg har høyrt om folk som hadde kista ferdig, eller liggjande kistebord

13236

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


59. I gamal tid bare træ naglar. Sei vare begge dei'lar. 60 Stroppen av bastetaug har eg ikkje høyrt om. Langs med kista på begge sier var ei stang som blei bruka å bara i 61 Laest ein eldre snekker. 62 Svart. Blei laget i mange av kjønnrøkk og vatten. På stom Staden var det nokk olgemålus-svart. 63. 1915-20 åra 64 Nei 65 Høvelspån 66. Høvelspån. Kumlebla(d) har eg ikkje høyrt om. 67 Kvit. Kjøpar ferdig i frå fabrikk 68 Det var etter som det var velstand på garden. Salmebok var almindelig å legge i kista. 69 Ukjendt for meg. 70. Kista blei pynta med langkrans av barlind og da i krass 71-72 og 73 Ukjendt. 74 Ja, når kista blei bore på låven, da song dei ei salme, etterpå bevertning. 75. Dans har eg ikkje høyrt om. Sea dei dansa rundt kista i stugo på Folkestad for 350 år sia; men dansen der fekk ein brå slutt, for da det lei på notta syntes dei som dansa att liket, reiste seg opp i kista og såg på dei. 76. I dei fleste tilfelle på låven. 77. Pynting av dette rom var det bare på storgardane 78-79-80 og 81 Ukjendt for meg. 83 Låket blei lakk på med ein pinne i mellom, for så bli spikra eller skruva i gjen på begravelsdagen. 84-85 Dei tilfella eg kjenner blei det ikkje bruka sisskildt aulls-duk 86. Når det var kalt, blei nokk loket

13236

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sekje av, men barn skulle helst ikkje sjå lik. 87. Nei

## Sorg.

Var eit menneske på garden var død skulle man fara stilt og undgå støy. Sørgetida måtte vara eit halvt år. I denn tid måtte ikkje nære slektningar gå på fest, gjiller, eller i det hele syne seg for mykje på verslige tilstellingar. Til kjyrkje var ~~sa~~ melein helgja etter ved gravfesting og for å sjå til grava. Sørgedrakt var mykje eit økonomisk spørsmål. Om ikkje some hadde råd til å kjøpe seg svarte klær så var vist sorgen like stor. 95 Eg høyrde ved århundreskiftet i ein begravelse gamle kallar sa om ei enkje, som ylde fælt - "å det er nok ikkje lenge før ho blir giftansgalen" - og så gjikk det an. - Eg har høyrt om enkjemennar, at når dei ylde fælt på likferdsdagen etter kjeringa var det for å skjule si glede over at bli enkemann. - Derfor sunne ei gamal enkje med en viss rett segja, at mennene har to glade dagar i sitt liv, det var når dom gifte seg og den dagen dom begrov kjeringa".

Det beste middel mot sorg var å koma i arbeide igjen

13236

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


## Synge ut liket.

I gamle dagar var begravelsen på tirsdag, torsdag og laurdag. 99.) Nå brukas mest begravelse. Kista blei i eldre tid tekjen frå låven og sett på ein krakk utmed veggen. Sommarstid stod den som tala ved kista ut ved veggen. Vinterstid blei kista tekje inn i stoga og før dei bar den ut blei loket tekji av så alle kunne sjå den avdöde.
Åklede blei sjeldan brukt, men hadde den döde frå bedt seg kran-sar bruka ein langkrans av bar-lind, åklede eller det norske flag! Åkledet måtte vera mörkt.
Ljos blei bruka enkelte stader og da oppå kista. Eg har hört at ljosa sto på kista til grava og blei tekje heim att. Det eg har höyrt om våkenatt, var at dersom det var unge folk satt ektefellen ved kista siste notta. Nå i tida er det ikkje bruka.
Likkiste snekkeren og kona blei bjo-den i begravelsen, og den kona mins eg var "gråtekone". Ho blei nemnt på den måten, men når dei hadde vore ved kjörka og kom heim og middagen var, ~~var~~ nemnte kone den drugaste til å fortelja hi-storiar. Det var særlig i dei begra-velsar der avdöde var gamal, eller det var ein rik onkel eller tante. Var avdöde ung og gjenlevande sat att med mange småborn var det særleg stilt inget.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

att i små kår var gravfølget mer
alvorlig. Likesalmane blei i eldre tid
sunge i sakte og med ein darre tone
tone var skrekkelig å høre på. Nå er
er det alminnelig at presten er med
7 1905 kom det ny prest og han var til
stadighet med i begravelse.
I eldre tid, når presten ikkje var med,
untatt på storgardane, då var det
kjøgemeistren som førde sangen
og helt ei låta tale ved kista
før den blei boren ut.. Liket
blei bore av som regel 6 mann
helst yngre. Før dom reiste til
kjørka blei det skjenka ein
dram eller øl. Kjøgemestern gjekk
rundt med ei brennvinsflaske i den
eine neven og drammeglaset
i den andre. Han hadde med
hjelpar i større lag. Dei nærmeste
slektningar skulle i eldre tid
vere fri for beringa, men i sei-
nare tid er det sønnene i heimen
som bar ut kista og bar den
fra likvogna (bil) til grava. Eg
har hørt at det med hodet først.
123 ukjendt for meg. På garden Brenne
er det merke i den gamle stuga
etter likdør. Bar blei strådd
ved kista og hakka brisk inn på
gulvet. 126 Nei. 127 Nei. Ved litt
større begravelser fulgde både karar
og kvinner med til kjerka. Var
det ein legslem fulgde det med
2 eller 4 karar som gjekk ved
sia av kista

13236

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 

På større gardar blei det reist ein æresport med et stort farvel innrammet av bar. I alminnelighet var det granbuskar ved porten. 133 Sjeldan. I dag er det svert lite flagstenger i Bø, men etter 1914 var det mange og da heisa dei flagget på halv stang og mange heisa det til topps når gravferda over. Likfølget stansa ikkje ved gardar som låg ved vegen. Sang etter vegen er ukjendt. Før i tida stod folk ute i vegen eller tunet når eit likfølge drog forbi. Kors er ukjendt her. På heimvegen der kista blei bore eit stykkje var kvilesteinar, desse er no for det meste borte. Når kista kjørt til kyrkja var sleden eller vogna strödd med granbar – små kvistar. Hesten skulle vera svart eller mörk. Föllhong(?) ness blei ikkje bruka til likhest. Det måtte kjöres sakte. Den som kjörde var ein eldre mann og gå ved sida av kista spöer(?) som vegen var lang, dette för 1905. 152-53 og 54 er ukjendt for meg. Av dei som blei saligje var det små born

På kjörgarden.

Dei som bar ut kista frå heimen til vogna bar om kista frå vogna til grava – 3 mann på kver side. I den gamle Bö kyrkje stenn ei bår, men den er ikkje i bruk på lenge. Den høyrde til kyrkjelyd

13236

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Noko serskildt blei det ikkje gjort med hesten. Före 1905 måtte ikkje presten opp ved grava, men han ~~Han~~ jordfeste messe Sundagen etter. Undantekje var rikfolk og embedsmenn. Dei etterlatte etter desse betala presten for å tale tale ved grava. Kista blei ved same anledning bore inn i kyrkja og då helst embedsmenn. Det blei sunget når man bar kista inn på kyrögarden. Elles folk kan ikkje minnast det. Klokke ringing var frå eit stykkje frå kyrkja og til kista var senka i grava. Ikkje etter grava var kasta i gjen.

## Graven.

Gravar blei visst ansat omkring 1890 og han hadde til å byrja med ikkje med anna enn å kaste opp grava. Å kaste igjen grava var noka av likfölgje gjera. Noka anna navn enn gravaren har eg ikkje höyrt. Når det var ein legslem som skulle begraves var det med 2 eller 4 mann som grav og kasta grava igjen. Om jordfestning har eg ikkje höyrt noko serskildt. I mange tilfelle blei ei fjöl med forbokstavane sett på grava. Dei tok kransar av kista og la over grava. Litt större kransar blei tekje med heim. No for tida blei gravane pynta til jul og etter våronna

13236

## Serlige tilfeller.

Ein sjølvmordar blei i eldre tid graven ned utafor kyrkjegardsmuren, han var ikkje verdig å koma i innvigd jord. Både døypte og u-døypte born blei i mange tilfelle sett ned på kista, eller i kista til ei avdød kvinne. Det at ei kvinne fekk med seg eit nyfött barn i kista var ein sikker veg til himmelen meinte dei gamle. I dag er det visst ikkje mykje att av denne skikken.

## Gravöl.

Det er begravelse. Det var ein noko eldre mann, eller ei storgardane kjögemeistern. Som var bemann. Når ein hadde bemann i vente måtte det vaskas og pussas. Når bemannen kom inn gjennom döra, så måtte ongane vera stille. Bemannen var svært höytideleg, helsa og når stol blei sett fram til han, bar han fyrst fram beinga. Eg hugsar ikkje ordrett tala hans heilt, men den byrja slik — Eg skal i Jesu namn helsa fra familien N.N. og be dokkan vera so gilde å fylgja avdöde N.N. til grava torsdagen (og dato) Når beinga var bore fram kunne han ta stolen å setta seg. Då blei det bere

13236

 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

fram öl og kaker til hann.
Når bemanden reiste måtte Gravefolket takke for umbyrdinga og Grane helsing at dei kom til Begravelsen
Å denne bruk blei ikkje alminnelig før etter fyrste verdenskrig. Begravelsen byrja kl. 10–11 om dagen og gjesterne fikk fyrst öl og vin og Kaker (fatigmann) Så var dei til bords og da var det heimebaka bröd, Smör, Sylte og lutefisk og ost I seinare tid Forskjelligt anna pålegg. Etter Byrgje reisa var det middag med Suppe (Spa) med ertar, gryn og kålrot og koka kjött. Fram til 1903–4 var det alminnelig å eta av eit felles Suppefat og da var det treskjeier i bruk. Til middagen var det heimebryggja öl eller dei hadde kjöpt bayeröl. I kvel dinga var det Kaffe og Kling og Kaker, dertil dram eller toddy etterpå. Tilslutt var det nattmat og det hende att denne blei tein – Sammtedes på dag kanten. Lutefisken var laga av törrfisk og lakt nokre dagar för i kläöt i björkeoske
Begravelsesdagen skulle dei nermaste slekt ikkje delta i oppvartningen. Det var gamle kjerringar som var „reikjerringar" og det var ei stor ære å vara reikjerring (oppvarte). I nyare tid er det unge gjenter som oppvarter
Sending er i nyare tid avlöyst

13236

av krans og kaker — Sukkerbrød eller kringle. I eldre tid blei kransarne gjort heime. Barlind mykje bruka. Det var ingen skøyfer; det er fyrst i seinare tid, når kransarne blir skøyta i blomsterforretningerne.
Dei fleste kransar fulgte med i grava, serleg fine kransar blei sett med stein eller lagt oppå grava

Nå for tida er bevertningen som på hotel eller endå betre. Somme har middag på hotel med kaffe etterpå, men helst vel ein ha bevertningen i heimen.

Det blei ikkje alminneleg å avert. dødsfall i avisene før omkring 1900.

—

13236